



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ottar Haugen, 55 57 21 80

Vår dato
05.03.2014
Dykkar dato
16.01.2014

Vår referanse
2014/704 421.53
Dykkar referanse

Jon Inge Nesse
Otterås
5912 SEIM

Svar på søknad om tilskot til Otteråsvegen II skogsveg - Jon Inge Nesse Lindås

Viser til Dykkar søknad om tilskot til Otteråsvegen II skogsveg vegklasse 4 datert 03.01.2013.

Vedtak: Fylkesmannen gjev med dette tilsegn om inntil kr 498.000,- til Otteråsvegen 2 skogsveg Tilskotet vert gjeve med inntil 60 % av godkjente kostnader.

Løyving: 60 % av kr 830.000,- = **kr 498.000,-**
Løyvinga står ved lag i 3 år, fram til 5. mars 2017

- Veglagsformannen er ansvarleg for at det vert ført rekneskap for vegarbeidet, sjå rekneskapsinstruks på skjema for rekneskapssamandrag. Noko av tilskotet kan betalast ut etter kvart som arbeidet skrid fram
- Siste utbetaling vert gjort etter at vegen er endeleg godkjent, og rekneskapen er revidert på føreskriven vis
- Veglagsformannen er ansvarleg for at vegen vert bygd etter dei krav som er sett i byggeplanen kommunen har godkjent og den vegklasse det er gjeve løyve/tilskot til.
- Veglagsformannen pliktar å sjå til at vegen vert vedlikehalden til den standar den opphavleg vart bygd i.
- Elles vert det vist til: "Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i landbruket" §5 "Tilskudd til veibygging".

Vilkår: Finn andre at dei kan nytta vegen til skogsdrift, skal dei ha rett til det, anten ved å kjøpa seg inn i vegen, eller betala leige.

Dette vedtaket kan påklagast, sjå forvaltningslova § 27 tredje ledd. Eventuell klage vert å senda FMLA seinast 3-tre-veker etter at dette brevet er motteke.

Med helsing

Åse M. Vaag
Ass. landbruksdirektør

Ottar Haugen
avdelingsingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 Isdalstø